

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U62
JournalpostID:
Saksbehandlar:
Dato: 14.07.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
036/20	Utval for helse og omsorg	01.09.2020

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe1 i tidsrommet 01.10.20 til 30.09.24 - Hjelmås Handelslag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av Alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Hjelmås Handelslag org.nr 912689697 fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i omsøkte lokale til Matkoken Hjelmås, Leknesvegen 389, 5915 Hjelmås frå 01.10.20 – 30.09.24

Ørjan Namdal er styrar for salsløyve og Sølvi Maria Øvretveit er avlørsar for styrar.

Salstidene følgjer vedteken Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune..

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.

Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Utval for helse og omsorg 01.09.2020:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

HO- 036/20 Vedtak:

I medhald av Alkohollova og Alver kommune sin alkoholpolitiske plan får Hjelmås Handelslag org.nr 912689697 fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i omsøkte lokale til Matkoken Hjelmås, Leknesvegen 389, 5915 Hjelmås frå 01.10.20 – 30.09.24

Ørjan Namdal er styrar for salsløyve og Sølvi Maria Øvretveit er avlørsar for styrar.

Salstidene følgjer vedteken Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune..

Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol

innan 01. mars kvart år.

Løyveharar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29. Klageinstans er Fylkesmannen i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for helse og omsorg

Bakgrunn

Hjelmås Handelslag v/ Ørjan Namdal har i søknad datert 03.04.20 søkt om fornying av salsløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 i tidsrommet 01.10.20 til 30.09.24 i butikklokalet til Matkroken Hjelmås, Leknesvegen 389, 5915 Hjelmås. Dei søkjer om fornying av løyvet på same grunnlag som dei hadde i tidlegare Lindås kommune.

Ørjan Namdal er styrar for salsløyvet og Sølvi Maria Øvretveit er vikar for styrar. Varesortimentet er daglegvarer. Opningstida er frå kl. 09.00 til kl. 18.00 måndag – torsdag, kl 09.00 – 19.00 fredag og frå kl. 09.00 til kl. 18.00 på laurdagar.

Saksopplysningar:

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer (alkoholova § 1- 6)

Søknaden har vore til uttale hjå politi og kemnar som har ingen merknader til fonying av salsløyvet.

Styrar for salsløyvet Ørjan Namdal og avløyser for styrar er Sølvi Maria Øvretveit har bestått kunnskapsprøven samsvar med Alkoholova §1-7 c

Søknaden vert tilrådd innvilga.